

# KYRKJEBLADE

## FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 4

SEPTEMBER 1990

44. ÅRG.



Siv Gullbrå vart konfirmert og Ole André Eikefet vart døypt i  
Eksingedalen kyrkje den 20. mai i år.

Foto: Gunnhild Lavik.

## FOLKEKYRKJE ELLER *Folkets Kyrkje*

Ordet "kyrkje" brukar vi på mange måtar. Vi brukar det om kyrkjebygningen, om kyrkjessamfunnet vårt, (Evan-gelisk luthersk) og om kyrkja i verda – fellesskapet av alle som trur på Jesus Kristus som Frelsar og Herre.

Kyrkja i Vaksdal er synleggjort ved sju kyrkjebygningane. Mange av passeringane i livet er knytt til desse husa. Difor er det ikkje mange som vil fjerne kyrkja. T.d. er alle gravferdene i frå ein av kyrkjebygningane. På kyrkjegarden har vi ei grav å gå til. Slike ting ristar ein ikkje av seg. Det er blitt ein del av ein sjølv.

Men kyrkja er meir enn ein bygning, og meir enn ein ytre organisasjon. I grunnlagsdokumentet for vårt kyrkjessamfunn (Den Augsburgske vedkjennings) står det at: "Kyrkja er ein forsamling av dei truande, der Guds ord blir forkjent og sakramenta blir rett forvalta". Det tyder at Kyrkja er forplikta, – ikkje på folkemeininga, men på Guds ord. Folkekyrkje tyder at kyrkja skal vera ei kyrkje for Folket – eit kristensamfunn som er ope for alle. MEN det tyder ikkje at Kyrkja skal vera FOLKETS KYRKJE, i den meiningsa at den skal avspeile folkemeininga. For: Folkemeininga er ikkje kristen! Den varierar med mange impulsar, av kvardagssfilosofisk art, påverka av mange slags "ismner" og "logier", – som er temmeleg denne-sidig orienterte.

Kyrkja kan ikkje vera Folkets Kyrkje. Den er Jesu Kristi Kyrkje, – elles er det inga Kyrkje, men ein klubb fo djupare personlege problemstillingar.

Vi er dagleg vitne til alvorleg utgliding i samfunnet vårt på det kristeleg-etiske planet.

Haldningane til det heilage er borte hos så mange, og borna blir ikkje opplærd til å respektere Guds ord og dei kristne verdiar i sitt liv, sjølv om dei er døypte til Jesu Kristi namn. Å nyta søndag som kvardag er temmeleg vanleg.

Det er knapt til noko velsigning for oss. Den norske motstanden mot kristendomsinnslag i barnehage og skule er overraskande sett i verds-samanhang, endå vi kallar oss eit kristent land.

Nei, folkemeininga kan ikkje avgjere Kyrkja sitt grunnlag.

Kyrkja har ein bodskap om Jesus som einaste berking for syndarar – ei evig von for den som ikkje ser noko anna framtid enn det riket Jesus vann ved si liding og sin død. Dette må takast imot som ei gáve i tillit til Jesus, i tru på han.

Dette må Kyrkja forkynna med truskap. Det er ikkje populært, men det er livets hemmelighet, og Jesu eige oppdrag! Kyrkja må ha profil – så det ikkje går i ett med verda. Slik har vi bruk for den. Slik er utfordringa.

Ordet "kyrkje" (kyriake) tyder: Det som høyrer Herren (Jesus) til!

Då seier kursem seg sjølv!

Sokneprest Per Inge Eide, Osterøy

## DET ALMINNELIGE PRESTEDØMMME

Jesu Kristi forsamling har ikke prester i gammeltestamentlig mening. Det levittiske presteskap i Det gamle testamentet er opphevet i den nye pakts tid. (Hebr. 9-11). Enhver kristen kan gå direkte til Gud med sin bønn, han trenger ingen mellom-mann. Vi har intet annet offer som gjelder for Gud, enn Jesu Kristi offer på Golgata, og det ble fullbyrdet en gang for alle da Jesus døde (Hebr. 10,14). Og enhver kristen har både rett og plikt til å vitne for sin neste. Har han nådegave til det, har han også rett til å for-kynne Guds ord offentlig.

Dette er en nytestamentlig tanke som Luther trakk fram igjen av glem-selen. Luther sier at disse tjenester er felles for alle kristne: Å forkynne Ordet, forrette dåp og nattverd, be for andre, og dømme om rett og vrang lære. Dette er ingen særrettighet for en be-stemt geistlig stand.

Men for at det skal være i orden i en menighet, skal forsamlingen velge blant sine medlemmer en som er skikket til å tjene de andre med ord og sakrament. Luther legger vekt på at dette må være en mann som er virkelig skikket til dette. Den som slik blir valgt til å være forstander (prest), han tjener da forsamlingen i følge den fullmakt som Gud har gitt forsamlingen i sin helhet.

Gud vil at det skal være en slik ordning. Men denne ordning hindrer ikke at også andre kan forkynne Guds ord, om han har nådegave til det. Den hindrer heller ikke at en annen forretter dåp i nødstilfelle. Heller ikke er den noen hindring for at nattverden blir tatt i bruk i blant troende i mindre kretser.

Frå boka "Det kristne Livet"  
av Carl Fr. Wisløff

Dette stykket og diktet er sendt inn av to av Kyrkjebladet sine leesarar på Vaksdal.

## ØNSKEDIKTET



### Den gamle bok

Av TRYGVE BJERKRHEIM

Eg faldar mine hender  
omkring den gamle bok,  
som mine fedrar fordum  
so tidt i handi tok.

Der fann dei ljós for vegen,  
der fann dei von og trøyst,  
i tru på han som hev oss  
frå dødsens lekkjer løyst.

Eg faldar mine hender  
i takk til han som gav  
til meg og mine fedrar  
so trygg ein vandrings stav, —  
som tendra morgonstjerna,  
ein ljós på livsens veg;  
til kvelden kjem og Herren  
meg hentat heim til seg.

Eg faldar mine hender  
ikring den gamle bok,  
der mine fedrar fordum  
all deira visdom tok.  
Den trøyst skal aldri svika, —  
ho svikta ikkje deim.  
Og i det same ljøset  
eg trygt skal finna heim.

## SYNG OM DET !!

Dette er ei helsing frå Nesheim sokneråd. Som soknerådsformann hadde eg den store glede å få vere Eksingedalen sin utsending til Bispedømemøtet i Bergen i april. Inntrykka derifrå er mange og rike.

Det som sit att som den heilt store opplevinga, er songen. Innimellom foredrag, forhandlingar og diskusjonar var songen der. Han sameinte oss, velsigna og lyfte opp.

I Den Norske Kyrkje er vi no inne i eit år for evangelisering. Det er kyrkja sjølv sagt alltid. Men under mottoet "snakk om det" skal vi hjelpe kvarandre til å setje ord på trua. På Bispedømemøtet møtte vi også oppmodinga til å "syngje om det". Vi eig ein rikdom i song og salmeskatten vår. Djupe trussanningar er nedfeltet der. Lat oss hente dei fram og dele dei med kvarandre.

All denne songargleda gav inspirasjon - og resulterte m.a. i at sokneråda i Eksingedalen bad inn til songkveld på Eksingedalen skule ein söndagskveld i juni.

Helsing Nesheim sokneråd v/Liv Sæther

### SONGKOR I KYRKJA

Det er ikkje berre i Eksingedalen dei likar å syngja. Vi er ein del som samlast til korøvingar, og som iblant tek del i gudstenester og andre høve med songen vår.

Dersom du likar å syngja, kan det sikkert vera ein plass for deg òg i eit av desse kora. Det gjer ikkje noko om du ikkje har sunge i kor før.

### "FIDES"

har øving i Vaksdal kyrkje. Vanleg dag har vore fredag kl. 18.00, men dette kan bli endra. Ungdom i alle aldrar - også frå andre stader i kommunen enn Vaksdal - er hjartelege velkommen.

Ramma om samvera var den finaste ein kunne ynskje, junikveld med sol og fuglesong ute og med markblomar på alle bord i festpynta gymsal. Gamle og unge hadde funne vegen, den aller yngste var 18 dagar gamal, - og snart song vi om kapp med fuglekoret ute. Tonefylgje fekk vi på finaste vis av organisten vår, Asbjørn Nese på piano og lærar Mari Odland på fiolin. Frå SANGBOKEN hadde vi henta fram "perler frå bedehuset", - gamle og nye songar til vekkjing, trusstryking, inspirasjon og kveik. Songane vart knytte saman med lesing av bibeltekstar og dikt.

Her i Eksingedalen tek vi oss gjerne tid til ei matøkt med prat. Slik vart det ein kveld med songarglede og fellesskap.

Til hausten held vi fram med salmekveld i Nesheim kyrkje. Da vert skattkista NORSK SALMEBOK, der vi vil hente fram gamle og nye salmar. Velkomne til alle i dalen, - og til andre òg! Det er fint å ta seg ein tur oppover Eksingedalen. Og det ligg ei særskilt vakker lita kvitmåla kyrkje på Nesheim. Vi blir svært glade når vi ser ho fullsett.

### SALMEKVELD I NESHEIM KYRKJE SUNDAG 7. okt. kl. 16.00

VAKSDAL KYRKJEKOR har øving i Vaksdal kyrkje kvar måndag kl. 19.00

DALE KYRKJEKOR har øving i Dale kyrkje kvar onsdag kl. 20.30.

Begge kyrkjechora vil ynskja nye songarar hjartelege vel møtt!

STAMNES UNGDOMSKOR har øving annan kvar fredag i Stamnes bedehus. Alle er velkomne fra 6. kl. og oppover - det er ingen øvre aldersgrense!

Foto: Gunhild Lavik.



Sol ute - song inne.



På Eksingedalen skule 17. juni 1990.



Songarglede og fellesskap.



Den aller yngste.

## Barne- og ungdomsarbeid i Vaksdal og Modalen

Som sikkert mange veit, har Nordhordland Indremisjon ein barne- og ungdomsarbeidar i kommunane Vaksdal og Modalen. Reidun Skurtveit har hatt denne stillingen i fleire år no, og det er sikkert mange som har møtt henne i samband med det arbeidet ho driv. Arbeidet omfattar både barnelag, yngres-lag, barnemøtet og familiemøter.

Som ein vil forstå, er det ressurs-krevjande for ein organisasjon å ha ein arbeidar fast plassert i eit område. Då stillinga vart oppretta, vart det difor lagt opp til at ein kunne skriva seg på ei fast gjevaruteneste, og vi er takknemlege for dei som i desse åra har vore med å støtta arbeidet med faste bidrag.

Men kanskje var det fleire som på denne måten ville vera med å støtta Indremisjonen sitt barne- og ungdomsarbeid i Vaksdal og Modalen. Du kan då ta kontakt med underteikna på telefon 595043.

Vi vil samstundes nyta høvet til å takka alle dei som har støtta arbeidet gjennom bøn, gaver og basarar. Ein takk også til dei som er med i støtteforeining og som medhjelparar.

Ver med å be for Reidun Skurtveit og medhjelparane hennar og for borna og dei unge i kommunane våre!


**FOR STØTTEKOMITÉEN FOR BARNE- OG UNGDOMSARBEIDIETI VAKSDAL OG MODALEN**

Jostein Rene

### BARNE- OG YNGRESLAGA

Barne- og Yngreslaget startar opp att i september. Det vil bli gitt nærmere melding om kva tid det blir på dei ulike stadene. Vel møtt til alle.

Helsing Reidun Skurtveit



### Søndagsskulen

Nytt skuleår tyder også søndagsskulestart, og Vaksdal Søndagsskulelag vil på denne måten få minna om søndags-skulearbeidet i kommunen vår.

Søndagsskulen er meint å vera eit ledd i den kristne oppseddinga av barna våre og såleis også ei hjelp til foreldra. Gjennom andakt, song m.m. får barna kjennskap til Guds ord og til evangeliet om Jesus Kristus.

I Vaksdal kommune er det søndagsskule på fylgjande stader og til fylgjande tider:

#### VAKSDAL:

Kvar søndag kl.10.00 i Vaksdal kyrkje

#### STANGHELLE:

Kvar sønd.kl.11. i Stanghelle Bedehus

#### DALE:

Kvar sønd.kl.10.på "Nyesalen" i Församl. huset.

#### STRAUME:

Kvar søndag kl.10.30 i "Karistova". (ikkje sønd.skule når det er gudst.på Stammes.)

#### STAMNES:

Kvar søndag kl.10.30 i Stammes Bedehus. (ikkje sønd.skule når det er gudst.på Stammes.)


#### BERGSDALEN:

Kvar søndag hjå Per Småbrekke

Vi vil oppfordra foreldra til å senda borna til søndagsskulen, og at du som les dette, kan minna borna du kjenner om søndagsskulen.

Vi vil også få be om forbøn for søndags-skulearbeidet, både for borna og leiarar.

**VAKSDAL SØNDAGSSKULELAG**



# BARNESIDE

Tekst: Joh 10,27-28



## Jesus tek vare på oss



27. Mine sauher hører mi røyst, eg kjenner dei, og dei fylgjer meg.

28. Og eg gjev dei evig liv; dei skal ikkje i all øve gå tapt, og ingen skal riva dei ut or mi hand.




#### Minneord:

"Eg vil vera med deg og verna deg kvar du fer."

1 Mos 28,15a

#### 1. Løys kryssordet. Kva skal stå i hyrdingstaven?

- 1) Ikkje nei
- 2) "Eg gjev dei \_\_\_ liv."
- 3) "Mine sauher hører mi \_\_\_."
- 4) Gud vil vara deg kvar \_\_\_ fer.
- 5) Dyr med kvit, krulla pels.
- 6) Ord i minneordet
- 7) Jesus seier at han \_\_\_ sauene.
- 8) "Ingen skal \_\_\_ dei ut or mi hand."
- 9) Jesus er \_\_\_ her i teksten.
- 10) "Dei skal ikkje i all øve gå \_\_\_."
- 11) "Dei (sauene) \_\_\_ meg."
- 12) Jesus er den \_\_\_ hyrdingen.
- 13) Å sørja for er å ha \_\_\_.
- 14) Kven vil Jesus ta vare på \_\_\_



Det er Reidun Skurtveit som brukar å laga BARNESIDA for oss i Kyrkjebladet. Denne gången har vi henta oppgåva fra tekstboka som dei brukar i Søndagsskulen. Den heiter "Les med Lars og Lise."

**Trådane i livsveven**  
Så titt her i livet det hender  
eg skjøna ei kan Herrens veg,  
så mange myrke tråder han sender  
og inn i livsveven min han slær.

Eg ville ha ljose trådar  
som var lette og glatt i veven gjekk inn,  
men meisteren som over vevstolen råder  
så titt dei myrke fargane finn.

Eg ville at mine bragder  
i veven skulle klårt lysa fram.  
men når i ljoset for han eg dei berer  
då ser eg: mitt eige er berre skam.

Då gråtane eg fell for min meister:  
"Herre, tak hand om veven min du,  
og bruk dei trådar og fargar som tener,  
berre ditt barn eg får vera, min Gud."

Då tek han meg næri til sitt hjarta  
talar fred til mitt opprevne sinn:  
Eg veit dei tankar eg tenker  
om deg, dyre venen min.

Ikkje til ulukke er mine vegar  
men for å gjeva deg framtid og von,  
og levande mot deg der lyser  
i Jesus, din Frelsar, Guds son.

Og ein dag han veven skal vende  
i det himmelske ljos skal eg sjå  
at alt som han her til meg sende  
det var for at heim han sitt barn ville få.


Dette diktet er frå diktsamlinga til  
Elise Straume som kom ut no i år.  
Det er dikt som er knytta til bibel-  
vers og kristentrua og frå høgtider  
i Stamnesbygda.

Dei som ynskjer å kjøpa heftet, kan  
få det hjå Elise Straume. Inntekta  
skal gå til Nordhordland Indremisjon,  
Raknestunet.

## Nokon å snakka med

Prestane har teieplikt. Dersom  
du treng nokon å snakka med, står vi  
til disposisjon. Vi veit at mange  
går og slit med vanskelege ting. Ta  
kontakt dersom du trur at vi kan  
hjelpe deg!

Prestane i Vaksdal



## STOFF TIL KYRKJEBLADET

I dette halvåret vil Kyrkjebladet koma  
ut med tre vanlege nummer i sept., okt.,  
og november og eit dobbelnummer i des..  
Eg har sett opp ein plan for dette som  
eg vonar vil høva. Det er fint om dei  
som vil senda inn stoff til bladet,  
merkar seg dette. Send gjerne inn stoff  
i god tid før fristen går ut, om du har  
høve til det. Då er det lettare å plan-  
leggja arbeidet med bladet. Du kan gje-  
rna ringa til meg og fortelja om noko  
du meiner bør koma inn i bladet i sta-  
den for å skriva.

Nr.	Månad	Innlev.frist	Kjem ut i
Nr.5	Oktober	- 15.sept.	veke 40
Nr.6	November	- 20.okt.	veke 45
Nr.7/8	Desember	- 17.nov.	veke 50

Helsing bladstyraren.  
Tlf. 596133 el. 596120 onsd.og fred.

## LENA ASKELAND


## Mitt vitnesbyrd

Jeg fikk en gang et lite kort av en  
pike. På kortet stod det: "Gud har en  
plan med ditt liv." Denne piken fikk  
være et vitne for meg. Jeg har aldri  
glemt det, og jeg tror at det var et  
kall til meg fra Gud: Til tross for  
din svakhet vil jeg gi deg frimodig-  
het, utruste deg og bruke deg som  
vitne.

Jeg vil vitne om at Jesus vil og  
kan skape noe nytt i et menneskes  
liv, han kan frelse og gi fred. Gleden  
over det jeg selv har fått i Kristus,  
vil jeg prøve å gi videre til andre.

Jesus lærte disiplene å være vitner.  
Han utrustet dem også. Vi får begynne  
i bønn, så vil Gud gå foran og lede.  
Han kan gjøre langt mer enn vi for-  
står å be om. Jesus har bruk for hver  
enkelt av oss.

*Gud har ein plan med ditt liv,  
ein plass berre du no kan fylla.  
Så lat han få leia deg dit!  
Hans signing skal livet ditt gylla.*  
(Trygve Bjerkheim)



Dette er henta frå boka "SNAKK OM DET-  
HJELP TIL Å SETTE ORD PÅ TROEN".

Den er kome ut på Nye Luther Forlag.

Bak boka står "Kontaktforum for evan-  
gelisering" som vil arbeida for

- å styrka evangeliseringsinnsatsen  
og gudstenestelivet i kyrkjelydene  
våre

- å gi einskildmenneske motivasjon  
og opplæring for evangelisering

- å hjelpe til at kyrkjelyder og org-  
anisasjonar fungerer som eit utad-  
retta felleskap.

Dei mest kjende kristne organisasjoner  
ane saman med Den norske Kyrkja - er  
med i dette kontaktforum. Det er eit  
stort evangeliseringsopplegg som vert  
sett i gang rundt om i heile landet.

Du kan lesa boka som ein vanleg bok,  
eller den kan brukast som studiebok  
til dømes i ei bibelstudiegruppe.  
Dersom du ikkje er med i ei slik  
gruppe, kan dette vera ein måte å koma  
i gang på. Dei fleste av oss har mange  
tankar om trua som vi gjerne skulle  
snakka med nokon om. Ta kontakt med  
prestane, nokon i soknerådet eller  
andre du trur kan få i stand ei slik  
samtalegruppe. Lukka til med boka!

## KYRKJEBLAAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda

Bladpengar: kr.50,-

Postgiro: 0804 5723473

Bankgiro: 3500.50.13117

Bladstyrar: Reidun Takvam

Boks 116

5280 Dalekvam

tlf. 596133

Kasserar: Asle Georg Karlsen

Boge, 5270 Vaksdal

tlf. 597232

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S,

5610 Øystese

tlf. 05 - 555045

Retur til Øystese Trykkeri A/S

5610 Øystese

SLEKTERS GANGVigdeVAKSDAL

28.07 Jarle Pedersen og  
Nina Elisabeth Amundsen  
DALE


02.06 Arnt Olav Sellevold  
og Siv Kari Dyvik  
04.08 Ole Petter Hestad  
og Unni Merete Kjøndal  
18.08 Stein Inge Carlsen  
og Linda Mari Øie

STAMNES

21.07 Roy Willy Jensen  
og Bjørg Gullbrå

EKSINGEDELEN

28.07 Sveinung Tyssen  
og Liv Anne Bergo

AvlidneVAKSDAL

17.05 Gerd Boge, f. 1935  
28.05 Magnus Johan Stavenes, f. 1931  
04.06 Johanna Ovida Hansen, f. 1900  
08.07 Sigrid Vaagenes, f. 1906  
06.08 Arvid Tolås, f. 1933

STAMNES

03.06 Borghild Farestveit, f. 1906

EIDSMLAND

23.07 Ingrid Otterstad, f. 1901  
04.08 Arnvid Ekse, f. 1924

NESHEIM

07.06 Marta Fosse, f. 1905  
02.07 Kristian Brakestad, f. 1908

BERGSDALEN

31.07 Nils Rødland, f. 1902

DøypteVAKSDAL

27.05 Siri Anne Hårvik Gjøen  
27.05 Ove Andreas Kallestad  
27.05 Thomas Amundsen Pettersen  
27.05 Elias Hårvik Tvedt  
27.05 Sindre Boge  
04.06 Vidar Rosten Olsnes  
04.06 Arne Sture Krogsrud  
29.07 Julia Hanevik

DALE

03.06 Kjersti Johansen  
03.06 Jan Olav Hagebø Mellesdal  
05.08 Kamilla Drangevåg

EKSINGEDELEN


20.05 Ole André Eikefet

STAMNES


05.08 Sol-Mari Hesjedal  
05.08 Kristine Straume Samuelsen

EIDSMLAND

10.06 Kjetil Stamnes Carlsen  
12.08 August Brekkhus Pettersen

DALE

27.05 Ole Johnsen Dale f. 1903  
02.06 Ivar Iversen Tungeland f. 1911  
15.07 Marta Kvamme f. 1901  
04.08 Aron Olaus Aronsen f. 1903

NYTT FRÅ SOKNERÅDA! Vi noterer oss ...ORGELET PÅ VAKSDAL

Orgelsaka på Vaksdal har trukke i langdrag. Det siste halve året har mykje tid gått med til å få orgelet godkjend i dei rette instansar. Same dag som godkjenningsa kom, fekk soknerådet brev frå den aust-tyske orgelbyggjaren. Han skreiv at revolusjonen hadde ført med seg store endringar. Dei får ikkje lenger subsidiar fra staten, og prisen vert høgare.

Vi har no møtt orgelbyggjaren og drøfta saka nærrare. Det synest klårt at orgelet må verta noko mindre enn vi vona. Vi ser no nærrare på finansieringa, og vil deretter få eit nytt tilbod frå Aust-Tyskland. Soknerådet vonar at saka kan verta raskt avklåra, og vil arbeida med dette for auga.

Lat meg føya til at Jämlich Orgelbau nettopp har fullført eit stort orgel i Storetveit kyrkje i Bergen. Sume meiner at det er det beste orgelet i byen - bygd til ein rimeleg pris.

Kjell Arne Norum

På Dale kyrkjegard vart vart det planta på den nyaste delen i sommar. Sigmund Dalseid tok på seg arbeidet i samarbeid med kommunen, og Dale sokneråd er sers takksam for vel utført arbeid.

Neste oppgåve blir å få planlagt planting for resten av gravplassen. Planlegginga skal skje i haust slik at vi kan koma i gang i god tid til våren.

Vaksdal prestegjeld

Sokneprest: Inge Christian Meidell  
tlf. 59 61 20

Res.kap. Kjell Arne Norum  
tlf. 59 70 88

Hugs, måndagen er presten sin  
friday!

Basar

Dale Indremisjon skal halda sin tradisjonelle "BEDEHUSBASAR" 21.-29.sept. og vonar på at folk vil stø godt opp om basaren.

DALE INDREMISJON HAR MØTEVEKE I FORSAMLINGSHUSET FRÅ 4.-9.SEPTEMBER.

VEL MØTT!

VAKSDAL INDREMISJON ER I GANG MED STOR EVANGELISK AKSJON LEIA AV JOHANNES BLOM I VAKSDAL KYRKJE. VELKOMEN TIL MØTA.

MISJONÆRANE VÅRE

Vi minner om misjonærane våre. Det er viktig at vi høgsar på dei i forbøn. ANNLAUT SANDAL reiste 6.august ut til ny periode på Madagaskar for Det Norske Misjonsselskap.

MARIT SANDAL, syster hennar, er i Etiopia for Norsk Luthersk Misjonssamband. To familiar er i misjonen si teneste. GULLBORG OG CDDBJØRN MARIDAL og borna deira ved den norske skulen i Nepal for Den Norske Tibetsmisjon.

REIDUN LAASTAD DYVIK OG ODD DYVIK og borna deira ved den norske skulen på Taiwan for Det Norske Misjonsselskap.

Born & Takk -15-

I informasjonsbladet LYS OG LIV frå Det Teologiske Menighetsfakultet, finn vi eit namn som mange av oss kjenner.

Det er Marita Elvemo Sivertsen som var kyrkjelyds-elev på Dale for nokre år sidan.

Marita er student ved MF og har ansvar for illustrationane i bladet.



# VELKOMEN TIL KYRKJE



9. september - 14. søndag etter pinse

VAKSDAL kl.11. Vikarprest Sæbø og Johannes Blom. Nattverd. Offer til Nordhordland Indremisjon.

NESHEIM kl.11. Meidell, Konfirmantpres. Offer til Den Norske Sjømannsmisjon.

16. september - 15. søndag etter pinse  
STAMNES kl.11. Vikarprest Sæbø. Nattv. Offer til Norges Kr. Student- og skoleungdomslag.

DALE kl.18. Norum. Konfirmantpresentasjon. Offer til Den Norske Sjømannsmisjon

23. september - 16. søndag etter pinse  
EIDSLAND kl.11. Familiegudst. Meidell. Utdeling av "Barnas Kyrkjebok". Offer til Redd Barna.

EKSINGEDELEN kl.11. Norum.

Laurdag 29. september

NESHEIM kl.20. Akademilektor Einar Reigstad. Offer til NLA.

30. september - 17. søndag etter pinse

DALE kl.11. Meidell og Geir M. Nyborg. Nattverd. Offer til NLA. 50 års konfirm.

STAMNES kl.11. Nils A. Lavik. Nattverd. Offer til NLA.

EKSINGEDELEN kl.11. Norum og Reigstad. Nattverd. Offer til NLA.

EIDSLAND kl.17. Einar Reigstad. Offer til NLA.

BERGSDALEN kl.16. Helga og Peder Leithaug talar og syng.

STANGHELLE kl.18. Nils A. Lavik. Offer til NLA.

VAKSDAL kl.18. Meidell og Geir Nyborg. Nattverd. Offer til NLA.

7. oktober - 18. søndag etter pinse

DALE kl.11. Meidell. Nattverd. Offer til Den Norske Menighetshøgskole.

VAKSDAL kl.18. Norum. Konfirmantpresent. Offer til soknerådet.

**STÅR PLASSEN DIN TOM  
I KYRKJA NÅR DET ER  
GUDSTENESTE?**

La oss samlast i Guds hus alle som har høve til det, og la oss prøva å få nye med oss på kyrkjeveg.

Det er også fint å reisa til næbo-kyrkja når det ikke er gudsteneste i vår eiga kyrkje. Slik er vi med på å styrka kvarandre og knyte felleskapskapet sterkare saman.

VEL MØTT I KYRKJA!

## KONFIRMANTPRESENTASJONAR

STAMNES	26.aug.	Meidell
NESHEIM	9.sept.	Meidell
DALE	16.sept.	Norum
VAKSDAL	7.okt.	Norum
BERGSDALEN	14.okt.	Norum
EIDSLAND	28.okt.	Meidell

## BARNAS KYRKJEBOK TIL 4-ÅRINGAR

EKSINGEDELEN	26.august
EIDSLAND	23.september
DALE	21.oktober
STAMNES	11.november
VAKSDAL	18.november